

Vår ref.
21/00514-1

Dato
20.01.2021

Høring om ny lengdegrense i kystflåten frå Nærings og Fiskeridepartementet.

Det vises til høringsdokument datert 25.11.2020 med svarfrist 25.01.2021.

Troms og Finnmark fylkeskommune kan ikkje sjå å ha mottatt denne høringa til trass å stå som ein av høringsinstansane. Dette er beklagelig og har ført til svært kort saksbehandlingstid.

Innledning:

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har lagt ut ein høring med forslag til ny gruppeinndeling i kystflåten. Bakgrunnen til dette er at Stortinget vedtok i sin behandling av «Meld. St. 32 (2018-2019) Et kvotesystem for økt verdiskaping» at fartøygruppene i kystfisket skal innrettes etter faktisk lengde heller enn dagens system der det er hjemmelslengde som bestemmer kvotegrunnlagets gruppetilhørighet.

Viktige begreper i saken:

Hjemmelslengde – den lengde som et fartøy hadde da vedkommende kystfiske ble adgangsregulert og som er grunnlaget for fartøyets kvotefaktor.

Faktisk lengde – et fartøys faktiske lengde i dag, som på grunn av ombygging eller utskifting av fartøy, kan være forskjellig fra fartøyets hjemmelslengde.

Samfiskeordningen – ordning etablert i 2010 der 2 fartøy, begge i lukket gruppe under 11 meter i fisket etter torsk, hyse og sei, på bestemte vilkår kan drive samfiske. Det passive fartøyet i samfiskelaget kan ikke drive fiske eller lande fangst i den tiden fartøyene er påmeldt samfisket. Ordningen fungerer som et substitutt for en strukturkvoteordning for denne gruppen. Tilsvarende ordninger administrert av Norges Sildesalgslag finner en også i pelagisk sektor.

Struktur- og enhetskvoteordninger – spesielle kvoteordninger som legger til rette for at et fartøys kvotegrunnlag i enkeltfiskerier kan økes gjennom tildeling av strukturkvoter eller (før 2005) enhetskvoter. Det er en forutsetning at et annet fartøy tas ut av fiske og oppgir sitt kvotegrunnlag (avgivende fartøy). Alle fartøy med adgang til lukkede fiskerier, unntatt fartøy under 11 meter hjemmelslengde (i makrellfisket 13 meter), er i dag omfattet av strukturkvoteordninger. En strukturkvote kan fordeles på flere fartøy.

Frå NOU 2016: 26: Et fremtidsrettet kvotesystem

Hensikta bak inndelinga i heimelslengdegrupper i kystflåten gjennom Finnmarksmodellen frå 2002 var i hovudsak behovet for å skjerme mindre fartøy i konkurransen med større og å behalde ein variert samansetning av både små og store fartøy i flåten. Denne ordninga har ikkje fungert

etter intensjonen og resultatet har vært en omfattande omfordeling av ressursar frå små til store fartøy, frå kyst til hav og frå nord til sør.

I det følgende gjennomgås forslaga i høringen:

1. Kvotesystem med gruppeinndeling etter faktisk lengde

Regjeringa foreslår ein overgang frå kvotesystemet med heimelslengde til at fartøygruppene i kystfisket skal innrettast etter faktisk lengde.

Administrasjonens vurdering:

Fiskerinæringen er viktig for Troms og Finnmark, både i form av sysselsetting tilknytta fiskeflåten, men også aktivitet og effektar knytta til mottak og bearbeiding av fangstane samt leveransar av varer tenester til næringen. Fylkeskommuna er derfor positive til endringar som kan føre til føreseielegheit i kvotesystemet, men meiner dette forslaget er for lite utreda og kan føre til nye problemstillingar.

Troms og Finnmark fylkeskommune meiner det er problematisk at den nye inndelingen av kystflåten ikkje er tilstrekkelig konsekvensutgreia. Det gjelder ikkje minst i forhold til korleis strukturgevinstane skal fordeles mellom flåtegruppene. Det er derfor viktig å prioritere arbeidet slike problemstillingar og at ein kan kome fram til ein rimeleg og rettferdig ressursfordeling mellom flåtegruppene. I den forbindelse vil det også være viktig å vurdere å gjeninnføre 28 meters grensa.

Troms og Finnmark fylkeskommune meiner at det er viktig å stoppe flyttinga av ressursar og kvotar frå mindre til større grupper. Fylkeskommuna ynskjer at gruppene under 11 meter og mellom 15-21 meter som har mista store ressursar skal styrkjast. Endringa som foreslås vil føre til at eit stort kvotevolum forsvinn frå gruppa 11-15 meter samtidig som der kjem eit stort antal fartøy inn i gruppa.

Desse endringane vil også kunne påverke sysselsettinga i og utanfor fiskenæringa, behovet for landanlegg og andre distriktpolitiske konsekvensar. Dette vil også ha ringverkingar på dei andre gruppene.

2. Overgangsordning fram til 2024

Regjeringa foreslår ein overgangsordning for fartøyeigarar som ikkje kan ta stilling til kva gruppe dei vil høyre til med ein gong, og gjer ein overgangsperiode fram til 2024. Denne må det søkast på.

Administrasjonens vurdering:

Det er avgjerande med ein avklaring av kvar strukturgevinsten skal fordeles før fartøyeigara må ta val om gruppetilhøyrighet. Sidan dette vil vere avgjerande for planlegging av drift og investeringa må dette være på plass før overgangsordninga enda.

3. Samfiskeordningen skal opphøre om 5 år

Regjeringa foreslår at samfiskeordningar skal opphøyra om 5 år. Departementet skriv i høringsnotatet at dei ynskjer at samfiskeordninga skal reserverast fartøy under 11m, men at større fartøy med heimelslengde 11m kan søke om det. Dette for å forenkle og tydeleggjere

regelverket om at samfiske kun er tillat med fartøy under 11m. Følgeleg av forslaget til departementet vil fartøy som søker om å nytte seg av overgangsordninga heller ikkje kan delta i samfiskeordninga før fartøyet er i samsvar med føresetnar om faktisk lengde.

Her ber departementet i høringsnotatet om høringsinstansanes vurdering om fartøy med heimslengde under 11 meter som nytta seg av overgangsordninga skal kunne nytte seg av samfiskeordninga før fartøyet er harmonisert med den nye faktisk lengdegrensen.

Her mener fylkekommunen at samfiskeordninga må vidareførast på same vilkår som i dag fram til den enkelte fartøyeigar vel overgang til ny gruppe. Det framstår ikkje som rimeleg at fartøy over 11 meter med ein heimslengde under skal miste sine rammevilkår innanfor ein overgangsperiode spesielt då strukturgevinstens fordeling i desse gruppene endå ikkje er avklart. Det minnst om at fartøy med heimslengde under 11 meter er ein av dei med mest innverknad på distriktpolitiske konsekvensar.

4. Strukturvote og strukturgevinst

Regjeringa forslår at strukturkvotenes tidsavgrensing ikkje skal forlengast, og at strukturkvoter ikkje skal kunne konverterast til strukturkvotar med lenger varigheit. Stortinget har bedt regjeringa konsekvensutrede før fordeling av strukturgevinst før tilbakefallet inntreff i 2027. Ein endeleg avklaring på fordelinga av strukturkvoter når tidsavgrensinga utløpar vil derfor ikkje vere mogleg å ha på plass innan eit nytt kvotesystem skal innførast i følge høringsnotatet.

Administrasjonens vurdering:

Her meiner administrasjonen at spørsmålet om fordeling av strukturgevinsten må prioriterast og det er av stor betyding at ein raskt kjem fram til ein avklaring av korleis den skal fordeles mellom flåtegruppene. Det kjem heller ikkje fram i høringsnotatet korleis tilbakefall av strukturkvoter vil få betyding for framtidig struktur i fiskeflåten.

Forslag til vedtak:

1. Fylkesrådet i Troms og Finnmark har behandla høring frå Nærings- og fiskeridepartementet om ny lengdegrense i kystflåten datert 25.11.2020.
2. Fiskerinæringen er viktig for Troms og Finnmark, både i form av sysselsetting tilknytt fiskeflåten, men også aktivitet og effektar knyta til mottak og bebreiding av fangstane samt leveransar av varer tenester til næringen. Fylkeskommuna er derfor positive til endringar som kan føre til større føreseielegheit i kvotesystemet og ein betre fordeling av ressursar mellom store og små fartøy.
3. Fylkesrådet meiner dette forslaget er for lite utreda og kan føre til nye problemstillingar.
4. Fylkesrådet meiner at det er viktig å stoppe flyttinga av ressursar og kvotar frå mindre til større grupper. Fylkeskommuna ynskjer at gruppene under 11 meter og mellom 15-21 meter som har mista store ressursar skal styrkjast.
5. Fylkesrådet i Troms og Finnmark meiner at alternativ og overgangen frå heimslengde til faktisk lengde må utreiast nærmare. Fylkeskommuna meiner det er positivt med ein overgangsperiode, men meiner departementet sitt forslag blir for kort og lite fleksibelt.

6. Fylkesrådet meiner at samfiskeordninga må vidareførast på same vilkår som i dag fram til den enkelte fartøyeigar vel overgang til ny gruppe.
7. Fylkesrådet meiner at spørsmålet om fordeling av strukturegevinsten må prioriterast og avklarast før fartøy må vel ny gruppe tilhøyrse.

Vadsø 21.01.2021

Børre Krudtå
Divisjonsdirektør næring og kompetanse

Vedlegg:
horingsnotat
Fiskarlaget Nord svar - 2021.0118.06 Ny lengdegrense i kystfla^oten